

TILTAKSSTRATEGIER FOR TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET FOR VANG KOMMUNE

2024-2027

(SMIL-ordningen)

Føringar for tilskot til tiltak i beiteområde



Vang kommune
- vilt og vakkert

Vang, feb 2024

1.1.Føringar

Nasjonalt miljøprogram omtalar tre nivå for ulike økonomiske verkemiddel i jordbruket:

- Nasjonalt nivå: areal- og kulturlandskapstilskot og tilskot til dyr på beite gjennom ordninga for produksjonstilskot
- Regionalt nivå: Regionalt miljøprogram (RMP)
- Lokalt nivå: Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

For å skape eit lokalt landbrukspolitisk engasjement fekk kommunane frå 1. januar 2004 overført vedtaksmynde for bruk av dei landbrukspolitiske verkemidla etter forskrift for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Det skal utarbeidast fireårige tiltaksstrategiar for bruk av SMIL-midlar i kommunen på bakgrunn av nasjonalt og regionalt miljøprogram.

1.1. Rammer:

Desse rammene er lagt til grunn for utforming av tiltaksstrategi for SMIL-midlar i Vang kommune:

- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.
- Rundskriv 2021/29 for SMIL
- Regionalt miljøprogram for jordbruket i Innlandet 2023-2026

1.2. Prosess

Revidering av tiltaksstrategiar for SMIL-ordninga, blir sendt til Statsforvalteren, Øye- Vang-, Austvang- og Høre beitelag, Vang sau og geit. Samt faglaga Vang bondelag og Vang bonde- og småbrukarlag til høyring. Den kan og sendast til politisk behandling om dette skulle passe inn for fristar.

Der kommunen har gjeve SMIL-midlar til eingongsinvestering kan tiltak i Regionale miljøprogram i mange tilfelle bidra til seinare skjøtsel.

1.3. Vurdering:

Ved vurdering av søknad om tilskott vil søknader som kan sjåast i samanheng med regionale miljøverkemidlar blir prioritert høgt. Fellestiltak/området vil å blir prioritert. Dette kan vera med på å opprethalde aktivt bruk av kulturlandskapet og dessutan vera med å skape trivsel og lyst til å bu i kommunen. SMIL-ordninga skal kunne ta omsyn til tiltak som fell utanfor dei andre tilskotsordningane eller stimulere til tiltak som har stor samfunnsnytte, men låg privatøkonomisk nytte.

2. utfordringar, mål og tiltak

Formål:

Formålet med SMIL-midlane skal vera å fremme natur og kulturminner verdier i landbruket sitt kulturlandskap og redusere forurensing frå jordbruket utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Eit viktig mål er å at ordningen skal få ein meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetningar.

SMIL-midlane kan nyttast til tiltak innanfor følgjande miljøtema: kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, avrenning til vatn, utslepp til luft og plantevern.

2.1. Kulturlandskap

Utfordringar:

Aukande attgroing av innmark, kantsoner og utmarksbeiter gjev eit mindre synleg og variert landskap og reduserer produksjonsevna. Talet på driftseiningar med husdyr går ned, medan produktivitetsskrava i landbruksnæringa er aukande. Dette fører til at økonomien og kapasiteten til utnytting og vedlikehald av små, dårleg arronderde og dårleg vedlikehaldne jordteigar vert mindre. Dette gjeld og i stølsområder.

I store deler av Vang kommune er det utført vegetasjonskartlegging, her ser ein kvar dei beste beitemene vil vera. Vang har generelt spesielt god beiter i fleire deler av kommune. Og i desse områda blir det beit men er forlite dyr til å forhindre attgrong.

Tilgang på beitedyr går ned og dårleg økonomi fører til redusert interesse for vedlikehald og fornying av gjerder. Dette fører til at små, avsidesliggjande beiteareal i mindre grad vert utnytta. Område med intensiv utbygging til fritidsføremål aukar utfordringane med gjerdehald. Dette kan føra til mindre bruk av utmarksbeite. Det er uttalt at tiltak i område med særskilte viktige kulturlandskap bør prioriterast ved løyving av tilskott.

Ein ser og utfordringar med mykje dårleg og farleg gjerder, samt piggråd som ligg nede. Dette gjeld bruk som ikkje driv aktivt lenger. Forbudet med bruk av piggråd vart innført i 2010. Dei viktigaste reglene for piggrådsgjerder finns i dyrevelferdslovens § 15 og gjerdelovens §§ 3 og 5. etter dyrevelferdsloven § 15, 1.ledd forbod å sette opp piggrådsgjerder med det formål å regulere dyr si ferdsel. Videre slår den gamle gjerdeloven av 5.mai 1961 fast i § 5 at " Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderester som kan vera farlege for folk eller husdyr."

Fleire kommunar har innført tilskott til fjerning av farlege gjerder og piggråd inn under SMIL-ordningen.

Mål:

- Synleggjera kulturlandskapet for samfunnet
- Oppretthalde drift på alt jordbruksareal
- Utnytta grasressursar i utmarka
- Bidra til å oppretthalde stølsdrift

Tiltak:

- Tilskott til rydding og skjøtsel for synleggjering av landskap og restaurering av beiteareal
- Tilskott til inngjerding ved beiterestaurering
- Fjerning av gamal gjerding og piggråd

2.2. Kulturmiljø/kultuminner

Utfordringar:

Bygningar som fell utanom aktivt jordbruk eller ikkje er i bruk til jordbruksføremål, er truga av forfall. Bygningar der det ikkje vert teke omsyn til antikvariske verdiar kan føra til tap av viktige kulturhistoriske verdiar. God skjøtsel av kulturminner og miljø er viktig for auka bevaring og oppleving. I Vang fins det fleire eldre bygningar som våningshus, driftsbygningar, smier, utlør, samt stølsbygningar. Det har i fleire år vore stor interesse for å ta vare på gamle bygningar i Vang, men gjennomføringsevna har vore varierende. Økonomi og mangel på kvalifisert personell er ofte grunn til at gode tiltak ikkje vert gjennomførde. Slike tiltak er ofte kostnadskrevjande og dei tilskotsordningane som fins, krev stor eigeninnsats i form av pengar og arbeid.

SMIL-ordninga dekkjer ikkje tiltak til freda bygningar. Her vil Kulturminnerfondet koma inn. Fagpersonar frå Valdresmusea blir brukt til kartlegging og utarbeiding av tilstandsrapport.

Vang kommune har mange andre kulturminner og kulturmiljøer som har sett spor etter aktivitar etter menneske frå gammalt av. Dette kan vera gamle steingjerder, gravhaugar og fangstgropar. Det fins om tufter etter bygningar, som etter hus, fjøs, kvednehus naust utlør for eksempel. God skjøtsel og vedlikehald av kulturminner/kulturmiljø er for å auke kunnskapen, bevaring og oppleving. Kulturminner som vert attgrodd blir liggjande under marka kan vera særst utsett for øydeleggelse frå landbruksmaskiner.

Vang har fleire stølar i aktiv drift, men talet er minkande. Gjennom ordninga med regional miljøtilskot for jordbruket (RMP) vert det gjeve tilskott til drift på stølar med mjølkeproduksjon. I tillegg vert det gjeve tilskott til slått og beite. Vang kommune prøver å oppretthalda mjølkeproduksjon på stølane gjennom kommunale tilskott til vassforsyning, el. forsyning og bygging av fjøs/mjølkestall.

Sjølv om mjølkeproduksjonen vert lagd ned, ser ein at husa i mange tilfelle vert vedlikehaldne og nytta til fritidsbruk. Men i Vang fins det likevel ein del døme på at husa forfell. Dersom bygningane er verneverdige, vil ein kunna søkja om tilskott under SMIL-ordninga, sjølv om det ikkje er aktiv drift på stølane.

Mål:

- Ivareta freda og verneverdige bygningsmasse og andre kulturminner i kommunen
- Oppretthalde stølsmiljø best mogeleg der stølar med aktiv stølsdrift vert prioritert Hindra at stølar med aktiv drift vert lagde ned
- Hindra forfall av stølsmiljø og bygningar på stølen

Tiltak:

- Tilskott til einskilde verneverdige bygningar og kulturmark
- Tilskott til mindre driftstiltak på stølar for å oppretthalde drift i stølsmiljø
- Tilskott til vedlikehald av stølsbygningane
- Rydding av gamal kulturmark
- Tilskott til sikring og istandsetjing av kulturminner og gjera dei tilgjengelege for alle, eks jernvinnanlegg, gravminne, ryddningsrøyser o.l.

2.3. Biologisk mangfald

Utfordringar

Attgroing og endra drift av ekstensiv, lite gjødsla beite-og slåttemark er ein trussel mot bevaring av det biologiske mangfaldet. Det er viktig å ta vare på artsrike småbiotopar i jordbrukslandskapet. Det fins tilskotsordningar for skjøtsel av slike biotopar med tilpassa arbeidsmetodar gjennom RMP-ordninga. Men dette krev både informasjon til grunneigarar og kontroll utført av kompetent personell.

Mål:

- Ivareta utvalde naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket ut over det ein oppnår gjennom nasjonale og regionale ordningar
- Informasjon om ordninga og motivering av grunneigarane for utføring av tilskottsberettiga skjøtsel av biologisk verdifullt areal.

Tiltak:

- Restaurering av biologisk verdifullt areal (eingongstiltak).
- Kartlegging og registrering av biologis mangfald. Sikra at arealet vert kartfesta i Naturdatabasen (kvalitetsikring)
- Utarbeiding av skjøtselplan (kommunalt tilskott inntil 5000 kr pr plan)

2.4 Friluftsliv og tilgang

Utfordringar:

Attgroing av kantsoner, oppdyrking og andre inngrep i gamle ferdselsårer gjer jordbrukslandskapet mindre tilgjengeleg. Attgroing fører også til dårlegare utsikt frå offentlege vegar og tilkomst til landskap og vassdrag. Ope kulturlandskap i støls-og utmarksområder er viktig for friluftslivet i kommunen. Det er såleis behov for meir aktiv tilrettelegging for ferdsel og auka tilgang til attraktive natur- og kulturmiljø.

Mål:

- Gode turstinett i jordbruksområde
- Syte for gode tilkomst- og siktforhold til vassdrag
- Auka kunnskap om og tilgjenge til gamle stigar og ferdselsvegar

Tiltak:

- Tilskott til rydding og skjøtsel langs turstigar og gamle ferdselsvegar
- Tilskott til rydding for auka tilgang og sikt til vassdrag

2.5. Forureiing

2.5.1. Utslepp til luft

Utfordringar:

Grovfôrbasert husdyrproduksjon fører med seg utslepp av klimagassane metan og lystgass. Metan stammar vesentleg frå nedbryting av fôr i vomma, men også frå lagring og bruk av husdyrgjødselbruk. Lystgassen er i hovudsak ei følgje av nitrogenbruk i gjødsel. Jordpakking og dårleg drenering fører til auka risiko for tap av lystgass. Tap av ammoniakk er særleg knytt til lagring og bruk av husdyrgjødsel, og vil indirekte føre til klimaeffekt (lystgass).

Mål:

- Reduksjon av utslepp av klimagassar og tap av næringsstoff til luft

Tiltak:

- Tiltak der det er synleggjort at klimautslepp vil gå ned skal vurderast
- Eingongstilskot til etablering av dekke over eksisterande gjødsellager (av varig karakter, tilpassa det aktuelle lageret)

2.5.2. Avrenning til vatn:

Vang har eit jordbruk som er prega av husdyrhald og grovforproduksjon. Det meste av den fulldyrka jord ligg etter Begnavassdraget og Vangsmjøsa, samt tilløpsbekkar og elvar som endar i Vangsmjøsa. Det er lite åkerareal og lite som vert pløyd om hausten. Spreiing av husdyrgjødsel og haustpløying kan på utsette stader auka faren for avrenning til vassdrag, samt tap av næringsstoffer. Dette er tiltak som ein kan søke støtte til gjennom Regionale miljøprogram- ordningen.

Auka vårløying og spreiiing av husdyrgjødsel tidlegare i vekstsesongen kombinert med betra drenering av jordbruksareala, vil redusera avgangen av næringsstoff frå jord, gjødsel til luft og vatn.

På 80-tallet vart det gjeve statstilskott til grøf팅. Noko som vart utnytta mykje av. Desse er i dag over 40 år mange stader og stort behov for oppatt grøf팅. Auka nedbørsmengder fører til auka behov for grøf팅 for å ha kontroll på vatn og næringsstoff på jordbruksareala. Her er det i dag statleg støtte ordning for drenering, men som blir lite brukt.

Jordbruket kan påverke vasskvaliteten og i den aktuelle tiltaksområde er det renka at jordbruket har ein moderat påverknad. Dette har delevis samanheng med husdyrhald og mellom anna bruk/lagring av husdyrgjødel. Jordbruksarealet generelt må reknast å ha opvernad, uavhengig av dyretettleik.

Tap av næringsstoff vil vatne skjer i stor grad gjennom avrenning av nitrogern (påverke havområde) og fosfor (kan gje algevekst i ferskvatn) frå jord. Bratt terreng og milde/nedbørsrike vinterar og sumrar aukar risikoen for tap av næringsstoffar.

Omøpstida for eng har vore aukande og bruk av plantevernmdidel er svært avgrensa. Bruken av kunstgjødel er og avrensa dei siste åra på grunn av høge kostander.

Dei siste åra er det auka av ammekyrbesetningar i kommunen Desse har som oftast lang beitesesong og etaplassen ute. Her er det krav om fast dekke og har eit begrensa området i vinterhalvåret. Ved nedbørsrike sumrar og vårløysing milde vintrar er faren for avrenning stor.

Sumaren 2023 opplevde ein fyst tørke og seinare ein nedbørsrik sumar med ekstremværet «Hans». Dette førte til overfylte bekkar og lukka bekker som vart forlite dimisjonert, som vidare førte til jorderosjon og skade på fulldyrka jord.

Mål:

- Minimalisering av jorderosjon og avrenning av næringsstoffer
- Optimal drenering av jordbruksareal og utnytte statlege tilskottsordningen for drenering

Tiltak:

- Tilskott til rydding for å hindra attgroing av opne grøfter og kanalar
- Auka spreing av husdyrgjødsel om våren og elles i vekstsesongen (oppfordring gjennom RMP-ordningen)
- Informasjon ang drenering
- miljøretta tiltak for forureining
- Tilskott til dimisjonsendring av lukka bekker.
- Tilskott til åpne lukka bekker

2.5.3. Plantevern

Grovfôrbasert arealbruk i kommunen fører til relativt sett lite bruk av plantevernmidlar. Alle føretak blir følgt opp i høve til krav om plantevernjournal, som i stor grad er knytt til ugraskamp og attlegg. Dette temaet må overvakast, men er ikkje rekna som ei stor utfordring i vår kommune. Omlegging til meir åkerbruk vil kunne endre dette.

Tiltak

- Spesielle investeringstiltak som reduserer risiko for tap av plantevernmidler, som for eksempel biobed ved påfyllingsplassar eller liknande.

3 Retningslinjer for saksbehandling

3.1 Behandling og fristar

Kommunen sender ut info og påminning og sett ein søknadsfrist. Søknaden skal sendast inn elektronisk/digitalt via Altinn.no :

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil?resultId=0.0&searchQuery=Smil> .

Søknaden skal innehalde:

- Kostnadsoverslag
- Prosjektbeskriving
- Tilstandsvurdering (søknad til verneverdige bygningar)
- Kart
- Bilder

Kommunen får tildelt midlar frå Stasforvaltar innan media mars.

Kommunen har møte med faglag og beitelag ein gong i året, innan utgangen av april for å drøfte og gjennomgå bruken av SMIL-midlane.

Vang kommune behandlar innkomne søknader fortløpande. Kjem det inn søknader etter søknadsfristen og ramma er oppbrukt, kan søkjar søke på nytt via Agros året etter.

Vang kommune behandlar søknader og prioriterar tilskott etter mengde og nivået på søknader.

Søkjar som eig ein landbrukseigendom men ikkje er tilknytta eit foretak kan og søke. Foretak som leiger eigendom med 10 års leigeavtale kan søke på tiltak innanfor SMIL-ordningen.

3.2. Tilskotsnivå

SMIL-ordningen åpner nå opp for å innvilge tilskudd til fjerning av gammel piggråd. Du må søke gjennom Altinn. Her fyller du ut skjema og oppgir på kart, hvor piggråd skal fjernes. Søknaden skal være innvilga før du tar ned tråden. Tilskuddet vil bli i størrelsesorden kr 10 pr m. Det er forventet at tilskuddet vil ligge på 10 kr/m i 2021. Sannsynligvis vil det bli nedjustert fra 2022 noe, så det kan lønne seg å ta det ned i år.

Maksimale tilskotsatser:	2020-2023	2024-2028
	inntil	inntil
Rydding av gamle beitemarker kombinasjon med inngjerding	50%	50%
Fjerning av gamle gjerder og piggråd (ny)		10 kr/m
Rydding av reksler og stigar	50%	50%
Krattknusing maskinelt	50%	50%
Fellestiltak (planlegging) (ny)		70%
Rehabilitering av verneverdige bygningar (krav om tilstandsrapport og kostnadsoverslag frå byggherre/entreprenør)	50%	50%
Biologisk mangfald (kartlegging/skjøtelsesplan)	70%	50%
Restaurering kulturlandskap/kulturminner	50%	50%
Tilrettelegging (skilting, krakker, bord) (NY)		50%
Hydrotekniske tiltak på jordbruksareal og i vassløp: (Ny)		
Opne avskjeringsgrøfter		30%
Grave opp gamle rørgater til nye opne kanaler		30%
Auke dimisjon på ekstisterande rør		30%
Rydding av attgrodde grønne og kanaler		30%
Sikring av botn og sider i kanaler		30%
Bygningsmessige tiltak:		50%
Tiltak til avrenning frå utekveer og for samleplasser for beitedyr		
Avrenning frå rundball/rundballe plasser		50%
Stølsområde		
Mindre investeringstiltak i tilknytting til aktiv stølsdrift		40%

3.4. Generelle vilkår for tildeling og prioritering av midlar

Dersom søknadene må prioriterast mellom dei tiltaka som bør få tilskot, skal prioriteringsrekkefylgja vera slik:

- Kulturlandskap dvs. rydding og skjødsel.
- Kulturmiljø/kulturminne dvs. verneverdige bygningar. Bruk med aktiv drift skal ha høgast prioritet.
- Forureining
- Biologisk mangfald
- Friluftsliv og ferdsel
- Mindre investeringar på stølar med mjølkeproduksjon

Foretak som driv aktiv jordbruksproduksjon vert prioritert. Eigar av landbrukseigendom utan foretak kan innvilges SMIL-tilskot, dersom det foregår ein tilskotsberetta produksjon på eignedomen.

På tiltak der det blir søkt frå Kulturminnefondet må det fatte vedtak der før ein kan søke SMIL-midlar. Det kan gje inntil 20% i tilskott der det er gjeve tilsagn frå kulturminnefondet.

I utgangspunktet vert det gjeve tre år til gjennomføring av tiltak innanfor SMIL-ordninga.

Arbeidsfristen kan forlengjast med inntil to år. Kriteria for å få forlengja arbeidsfristen: at arbeidet er påbegynt, grunngjeving kvifor arbeidet ikkje er ferdig og framdriftsplan. Tiltak som er delvis eller ikkje gjennomførte innan siste frist, vil få inndrege attståande tilskot. Inndradde midlar vil verta nytta til andre tiltak innanfor ordninga.

Delutbetaling på inntil 75 % av innvilga tilskott kan verta utført etter elektronisk annmodning om delutbetaling via Agros frå søkjaren. Sluttgodkjenning/sluttutbetaling blir utført når arbeidet er ferdiggodkjent av kommunen, og sluttrapport og rekneskap er lagd fram. Dette skal å sendast elektronisk via Agros. Dokumentasjon i form av timelister og kopi av faktura må leggjast ved. Oppsett over utgifter frå autorisert rekneskapsfører kan og nyttast.

Tilskot kan bli krevd attendebetalt dersom det oppstår forhold som er i strid med førersegnadene for godkjenning av tilskotet.

I samband med tildelte midlar kan kommune sette vilkår, tildømes med krav til beiting over ein viss tid ved tilskott til gjerding, at hus ikkje skal endrast etter ei viss tid etter at prosjektet er avslutta eller at søkjar forpliktar seg til ei regime ved for vedlikehald over ei viss tid.

Standardvilkår:

- Krav til beiting ved gjerdetilskot: 5 år etter avslutta prosjekt
- Krav til hus ikkje skal endrast: 8 år etter avslutta prosjekt
- Andre vilkår blir sett ut frå eit fagleg skjønn frå kommunen.

Føringar for tilskot til tiltak i beiteområde

Rammer:

Utforminga av strategien for tilskot til tiltak i beiteområde i Vang kommune legg til grunn:

- Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder
- Rundskriv 2019/45
- Beitebruksplan for Vang 2018-2024

Prosess:

Tiltaksstrategien er sendt på høyring til Statsforvaltaren Innlandet, Vang Bondelag og Vang Bonde- og Småbrukarlag. Beitelaga Høre, Austsida, Vang og Øye samt Vang sau og geit.

Mål :

Ordninga skal bidra til å fremme god utnytting av beiteressursen i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

Utfordringar:

Effektiv beitebruk er utfordrande med omsyn på eit behov for tilrettelegging for god beiteskjøtsel og bruk av areal som balanserer ulike interesser. Styring av beitebruken gjennom etablering av anlegg og anna fasilitering skal legge til rette for og fremme god beiteforvaltning. Beitenæringa blir høgt prioritert, men det vil også bli lagt vekt på å stimulere til tiltak som kan redusere interessekonfliktar kring arealbruken, herunder behov knytt til friluftsliv og turistnæring.

I ordningen for investeringstiltak i jordbruket har det komme inn tiltak til elektronisk gjerder (eks Nofance), dette gjeld for det meste på storfe. Her kan ein då avgrense beiting til spesielle områder og til areal som har kulturhistorisk verdi. Med elektroniske gjerder kan ein så styre storfe vekk frå meir turistprega områder og at ein lar dei beite der der det god godt beite. Vang kommune har tilskott til elektronisk gjerde i ordningen for kommunale tilskott til landbruksdøremål .

Sjølv med elektronisk gjerde vil det vera behov for permanente gjerder til utmark for å hindre sau kjem ned i bygda.

Prioritering av tilskot:

Med gjeldande status og struktur i kommunen vil det for denne ordninga bli prioritert tilskot til registrerte organiserte beitelag. Foretak med storfe og geit kan søke på elektroniske gjerde. Prosjekt og tiltak skal prioriterast ut frå lokale målsettingar og strategiar. Ordninga skal ta omsyn til tiltak som fell utanfor dei andre tilskotsordningane eller stimulere til tiltak som har stor nytte for beitenæringa.

Tilskot kan gjevast til investeringar i faste og mobile tiltak, der tiltak med høg prioritet er:

- Sperregjerder
- Sanke- og skilleanlegg
- Rydding/utbetring av drifteveggar
- Elektronisk overvakingsutstyr
- Elektronisk gjerde (for eksempel av typen Nofence)

Prosjekt som inneber planlegging og tilrettelegging i utmarka for god og effektiv beitebruk skal vurderast for tilskot. Det blir lagt vekt på prioriteringar nedfelt i kommunen sin beitebruksplan.

Utmåling av tilskot

Det kan gjevast tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak. Ved innkjøp av elektronisk overvåkingsutstyr kan det gjevast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjelder for inntil 50 % av dyretal i beitelaget/besetningen. For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det gjevast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Eigeninnsats kan godkjennast med inntil kr 300,- per time.

Krav til søknaden

Søknad skal leverast på skjema fastsett av Landbruksdirektoratet:

<https://info.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

Kommunen behandlar søknadar laupande.

Gjennomføring, rapportering og utbetaling

Frist for gjennomføring av tiltak er 3 år frå tilskot blir innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortare frist i behandlinga av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge fristen for gjennomføring med eitt år, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart innvilga.

Kommunen utbetaler tilskot etter anmodning om utbetaling når tiltaket er gjennomført. Dersom kostnadene til gjennomføring er lågare enn godkjent kostnadsoverslag, blir tilskotet redusert tilsvarande.

Det kan delutbetalast på bakgrunn av godkjent dokumentasjon når deler av tiltaket/prosjektet er gjennomført. Minst 25 % av tilskotet skal holdast tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.